



Arkivnr: 2015/203-19

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Låneopptak 2015 - II

Samandrag

Til finansiering av deler av budsjetterte investeringar i 2015 vert det teke opp eit 5-års obligasjonslån på 300 mill. kr. Renta er fast, 1,82 % i 5 år.

Vedtak

Det vert teke opp eit 5-års obligasjonslån på 300 mill. kr, tilrettelagt av DNB Markets. Renta er fast i heile perioden, nominelt 1,82 %.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.


Fylkesrådmannen, 25.08.2015

I opphavleg budsjett for 2015 var det budsjettert med bruk av 1 302,7 mill. kr i lån til finansiering av investeringar. I fylkestingsak 51/2015 «Tertiairrapport pr. april 2015 – rekneskapsprognose» vart bruk av lån sett ned med 39,3 mill. kr til 1 263,4 mill. kr.

Sidan fylkeskommunen ved siste årsskifte hadde 369 mill. kr i ubrukte lånemidlar, er behovet for nye låneopptak noko lågare enn budsjettet forbruk.

Det er så langt i år teke opp eitt nytt lån på 500 mill. kr. Ein tek sikte på å fordele gjenståande lånerevhov på to lån.

Diagrammet nedanfor viser utviklinga i 5 års swap-rente. Lange renter nådde eit botn-nivå i januar i år. I løpet av våren steig rentenivået noko, men i juli og august har ein sett eit nytt fall. På dagens nivå vurderer fylkesrådmannen det som gunstig å binde renta.



Ein har ei tid vore tett oppunder grensa som er sett i finansreglementet, at maksimalt 60 % av låneporleføljen kan ha fast rente. Men to rentebytteavtalar går ut neste sommar. Pr. dags dato er det difor berre 50,7 % av låneporleføljen som har rentebinding ut over 1 år.

Fylkesrådmannen går i denne omgang inn for å ta opp eit lån på 300 mill. kr med fast rente. I følgje Bergen Capital Management er det bra interesse blant investorane for lån på 3-5 år. Fylkesrådmannen ser det som ønskjeleg å sikre renta på dei nivåa ein no ser for heile den komande økonomiplanperioden. Ein ønskjer difor å binde renta i 5 år, sjølv om nivået ville vere enda lågare for 3 års binding.

Bergen Capital Management har i dag gjennomført anbodsrunde for fylkeskommunen. Det kom berre inn to tilbod i dag:

Nominell rente	
DNB Markets	1,82 %
Danske Bank Markets	1,84 %

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå DNB Markets.